

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29.

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Bremanger

Emne: Julenissen.

Bygdelag:

Oppskr. av: Alv Övrebotten.

Gard:

(adresse): Kjelkenes.

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

Det meste.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Det er ikkje så heilt lett å tidfeste julenissen, men eg trur at han ikkje var "komen" til Bremanger før i mot slutten av forrige krig. Men noko vanleg var han ikkje før ikring 30 åra. Det fyrste var på juletefestar for born. Eg trur helst at skikken kom med at handelsmennene fekk heim masker, og så vart dei tekne i bruk.
2. På juletefestane let han alle borna få kvar si gåve som er stelt ferdig av festnemnda. I heimane har han med seg alle gåvene for det meste. Det er enkelte heimar der dei legg gåvene under juletefoten, og så kjem nissen med juleknask. Julenissen får ikkje noko.
3. For det meste far i huset, men det kan og vere ein annan vaksen.
4. Maske og topphue (raud), utstyret elles er det mindre nögje med. Det kan vere ein gamal frakk eller gamle kle.
5. Kjøpte masker.
6. Dei er nok brukte, men det høyrer i grunnen ikkje til.
7. Nei, men dei får gjerne litt.
8. Eg trur ikkje den gamle nissen var "kjend" her, men julenissen vert i alle høve ikkje sett i samband med han.
9. Då eg var liten, sa dei at nissen skulle kome med eit eller anna til jul. Gåva kom, men nissen var aldri å sjå.

5779

Februar 1951.